

Møteprotokoll

Kontaktutval for innvandrere og flyktninger



Møtedato: 04.09.2024

Tid: 18 -1930

Møtestad: Rådhuset

Møteleiar: Anne Kristin Aaseth

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Varamedlem for
Anne Kristin Aaseth	Leiar	H	
Guro Betten		V	
Ingeborg Hageberg		KrF	
Veronica Ivanov	Nestleiar		
Myroslav Shaladonor			

Merknad i møte

Forfall utan vara:

Awa Rahimpour

Stord, 4. sep. 24

Ingeborg Hageberg

Teknisk møtesekretær

Saker til handsaming

Saknr	Tittel
GK 8/24	Godkjenning av innkalling
GK 9/24	Godkjenning av referat
OS 10/24	Melde saker frå andre til utvalsmedlemmene.
RS 11/24	Korleis gjere oss betre kjend for flyktningar og innvandrarar. Kontaktutvalet skal vere eit aktivt utval og eit talerøyr for innvandrarar og flyktningar. Korleis får me dette til? Kva saker skal me handsame, og kva instansar skal me ha kontakt med for best mogleg å vera informert om det som hender?
OS 12/24	Anne Kristin informerer om kurs frå Udir. https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/digitalt-kurs-for-nyankomne-som-onsker-a-jobbe-i-norske-barnehager-og-skoler/ Sprei denne informasjonen vidare.
RS 13/24	Saker melde av Veronica, Awa og Myroslav.
RS 14/24	Kva har me gjort sidan førre møte? Anne Kristin, Ingeborg og Guro.
OS 15/24	Kommunedirektøren si arbeidsliste

GK 8/24 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 9/24 Godkjenning av referat

Referatet vart samrøystes godkjent.

OS 10/24 Melde saker frå andre til utvalsmedlemmene

RS 11/24 Korleis gjere oss betre kjend for flyktningar og innvandrarar? Kontaktutvalet skal vere eit aktivt utval og eit talerøyr for innvandrarar og

flyktningar. Korleis får me dette til? Kva saker skal me handsame, og kva instansar skal me ha kontakt med for best mogleg å vera informert om det som hender?

Forslag til saker me kan handsame:

- 1) Kan me gjere noko ut mot bedrifter? Oppmuntre arbeidsgivarar til å ta i mot flyktningar i arbeid. .
- 2) Korleis blir vikarlistene til barnehage/skule og helsesektoren handsama? Fleire innvandrarar har erfart å setje seg på ei liste, for deretter å ikkje høyre noko meir.

Anne Kristin skal melde dette inn som ei sak til OKU og RHO

- 3) Mange søker om kommunal bustad. Kven er det som søker? Kor mange søker?

Veronica sjekkar opp i dette til neste møte.

Korleis gjere oss betre kjent?

- Me kan skrive korte artiklar og innlegg om kva vår oppgåve er.
- Me oppsøker dei ulike innvandrar- og flyktningegruppene.
 - Anne Kristin snakkar med muslimsk råd.
 - Guro snakkar med internasjonal kulturklubb.
 - Ingeborg går til den katolske forsamlinga.

Kva skal me seie i møte med dei ulike laga og folkegruppene:

- Presentera kven me er og fortelje om vårt mandat.
- Kva behov har de?
- Har de saker, eller kjenner de til saker som bør løftast fram?

Me melder inn frå besøka til leiar i KIF innan 22.oktober.

OS 12/24 Anne Kristin informerer om kurs frå Udir.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/digitalt-kurs-for-nyankomne-som-onsker-a-jobbe-i-norske-barnehager-og-skoler/>

Sprei denne informasjonen vidare.

RS 13/24 Saker melde av Veronica, Awa og Myroslav

Norsk folkehjelp Sunnhordland, flyktningetenesten og Stord Vaksenopplæring har starta vasstilvenningskurs, eit viktig tilbod for kvinner i Stord kommune.

RS 14/24 Kva har me gjort sidan forrige møte?

Guro har sendt mail til mottaket på Heiane med førespurnad om me kan kome på besøk. Dersom me skal vera ein høyringsinstans, må me møte dei folka me skal vera der for.

Veronica har laga brosjyre om kontaktutvalet. Desse kan me ta med oss når me besøker ulike grupper.

Ingeborg har skrive mail til frivillighetssentralen med førespurnad om dei treng vår hjelp.

OS 15/24 Kommunedirektøren si arbeidsliste

Teke til orientering

RS 16/24 Eventuelt

Møteplan for KIF vår 2025:

14.januar kl 18-1930

11.mars kl 18-1930

4.juni kl 18-1930